

Vedtekter for samarbeidsutvalet (SU) for barnehagane i Bykle kommune

§ 1- foreldrerådet og samarbeidsutvalet (SU)

Alle føresette som har barn i barnehagen er medlem av foreldrerådet i sin barnehage. Foreldrerådet har som oppgåve å fremje samarbeid mellom heimane og barnehagen.

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for føresette, tilsette og eigar. Samarbeidsutvalet (SU) skal sikresamarbeidet mellom barnas heim og barnehagen. SU skal bestå av føresette, tilsette og eigarrepresentantar (valde politikarar) SU har informasjonsplikt ovanfor alle føresette, kjem det sakar i SU som må handsamast skal foreldrerepresentantane kalle inn til foreldreråd før handsaming i SU. Innkalling og referat frå SU ligg på kommunen si heimeside.

§ 2- Val av samarbeidsutval (SU)

Alle føresette er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel representantar til SU. I våre barnehagar vel vi foreldrerepresentantar/medlem av SU på følgjande måte: Representantane veljast på foreldremøtet som er i september. Tenesteleiar har opplæring av nytt SU på første møte på hausten. Alle medlem av SU får ein perm med lovverk mm.

§ 3- Samansetting av samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet (SU) ved barnehagane har to medlemmer frå dei tilsette, to frå dei føresette og to valde av kommunestyret. Tenesteleiar er sekretær for SU, men har ikkje stemmerett.tr

§ 4- Konstituering av samarbeidsutvalet (SU)

Su konstituerer seg ved at SU-representantane vel leiar og nestleiar. Tenesteleiar barnehage er sekretær.

§ 5- Møter

Samarbeidsutvalet har møter cirka 4 gongar i året. Ekstraordinære su MØTER HALDAST NÅR DET ER PÅKREVD. Møteleing er SU-leiar sitt ansvar. Møteagenda skal allstøtt vere kjend for alle medlem i SU. I Bykle kommune offentleggjer vi innkallingar og møtereferat på kommunen si heimeside. Medlem av SU får innkalling og referat tilsendt på førehand.

§ 6- Årshjul

September: Foreldremøte med val av foreldrerepresentantar og medlem til samarbeidsutvalet (SU)


Oktober: Første møte i SU. Opplæring av nye medlem. Konstituering av SU, gjennomgang av kommunedirektørens framlegg til økonomiplan og budsjett

Mars: Gjennomgang av resultatet av foreldreundersøkinga

April: Vedtekter, plandagar for neste barnehageår

Mai: foreldremøte med ekstern foredragshaldar i samarbeid med SU.

Juni: Godkjenning av barnehaganes årsplan



§ 7- Teieplikt

Medlem av samarbeidsutvalet er automatisk underlagt teieplikta. SU skal likevel ikkje behandle saker som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltbarn, enkeltforeldre eller dei tilsette i barnehagane

§ 8- Konflikthar i Samarbeidsutvalet (SU)

SU skal vere eit samlande utval med fokus på det beste for alle barn. Det er viktig at det er høgdt for usemje og diskusjon i SU. Dersom det oppstart konflikthar, må representantane halde seg saklege og ha alle barn i sentrum.

§ 9- Tenesteleiar si rolle

Tenesteleiar har ansvaret for å leggje til rette for eit godt heim-barnehage-samarbeid. Det inneber mellom anna at tenesteleiar skal sørge for god kommunikasjon med dei føresette, ikkje berre enkeltvis, men også gjennom SU. Tenesteleiar deltek på møta og har ansvar for å leggje fram saker av viktighet. Tenesteleiar har møte, tale og forslagsrett.

§ 10- Endring av vedtekter

Samarbeidsutvalets vedtekter blir fastsette av SU. Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal. Forslag til endring av vedtekter skal handsamast på eit møte, medan avstemming om endringane først kan vedtakast på etterfølgjande møte.

Vedtatt i samarbeidsutvalet 10.04.24